



Årsmelding for o-gruppa 2020



Styrets samansetning:	Leiar:	Endre Ulsaker	(På val i 2021)
	Nestleiar	Knut Terje Venås	(På val i 2022)
	Kasserar:	Per Kristian Haraldsen	(På val i 2021)
	Skrivar:	Lars Einar Intelhus	(På val i 2022)
	Materialforvaltar:	Ragnhild Bekkevold	(På val i 2022)
	Kartansvarleg:	Neil Marston	(På val i 2021)
	Ungdomsrep.:	Halvor Rudningen	(På val i 2021)
Valkomit�:	Sissel Rudningen		(P� val i 2022)
	Kjell Huso		(P� val i 2021)

Styrets arbeid

I korona ret 2020 vart det berre eitt fysisk styrem te, men det har vore ein god del kommunikasjon p  e-post og samtalar i samband med planlegging av l p og arrangement. Det vart heller ikkje noko fysisk m te mellom det ulike klubbane i Hallingdal, slik som vi brukar, men i staden kommunikasjon p  e-post og telefon.

Aktivit t

Halvor og Sindre starta sesongen med treningssamling i Spania i februar. Samlinga vart arrangert av Buskerud o-krets og var for l parar fr  16  r og oppover.

Etter nedstenginga 12. mars var det stor usikkerheit f r sesongstart, men vi fekk etterkvart klarsignal fr  smitteverngruppa om at vi, med gode smittevernreglar, kunne arrangere treningsl p. Det var viktig   halde god avstand, ingen stempling p  nybegynnarpostane og spriting av hender og l perbrikke f r start og etter m l. Alle kart var ferdige p  f rehand og det var ikkje servering av frukt eller drikke. Vi oppfordra ogs  nybegynnarane til   starte fr  kl. 17.30 og andre l parar fr  kl. 18. Det var oppslag om smittevernreglane p  alle l p, i tillegg til at vi informerte aktivt p  v re nettsider, Facebook, kommuneposten og p  e-post.

Fyrste l pet gjekk fr  Hemsedal hytte- og feriepark 20. mai og samla heile 82 deltakarar. Neste l p hadde start p  Sv o og d  fekk vi det h gste deltakartalet vi har hatt p  mange  r. 102 l parar deltok! Fotball-trening og ein del andre aktivitetar var avlyst og det gjorde nok sitt til at fleire oppdaga denne flotte formen for aktivitet.



Rekordmange deltakarar med p  Sv o

Vi har i  r arrangert 9 vanlege treningsl p. I tillegg kj m Hemsedalsl pet, Hallingdals-meisterskap, klubbmeisterskap og nattorientering, totalt 13 l p. Talet p  hemsed ler har variert fr  44 (nattorienteringa) til 102, med eit gjennomsnitt p  66. Dette er ein stor framgang samanlikna med dei siste  ra. I 2019 hadde vi til samanlikning 40 deltakarar i gjennomsnitt. Vi har ogs  arrangert nokre treningar utanom dei vanlege treningsl pa.

I 2020 var totalt 195 hemsedøler med på o-løp, mot 134 året før. Talet på løparar som har vore med på Hallingtreffen i andre kommunar enn Hemsedal er omtrent som før, men på grunn av covid-19 var det færre løp i Hallingtreffen enn normalt.

Vi har ein liten kjerne med ivrige løparar som også deltek på løp utanfor Hallingdal, sjølv om det i 2020 ikkje var så mange løp å delta på. Fleire av dei største arrangementa vart avlyst, men nokre løp gjekk som planlagt. Vi hadde mellom anna med løparar på Geilo 2-dagers, Filefjellmeisterskapen, Hovedløpet (Oslo), KM (Konnerud), veteranmesterskapet (Eiker), NM (Malvik) og Frostsprinten (Røyken).

13. november skulle vi hatt sesongavslutning med pizza og premieutdeling på Kyrkjestugu. Denne måtte dessverre avlysast på grunn av skjerpa smittevernreglar. Vi håper å kunne få til ein kickoff før sesongstart med mellom anna premieutdeling frå fjoråret.

Dugnad

Å arrangere orienteringsløp og o-teknisk trening er tidkrevjande. Løyper skal planleggjast, postar skal hengast ut og takast inn, kart til løparane skal klargjerast og sjølve løpet skal arrangerast, i tråd med gjeldande smittevernreglar. Alt blir gjort på dugnad. Vi har ingen lønna trenar, men fleire i o-gruppa legg ned mange timar i dette arbeidet, og det er vi svært takknemlege for. Vi har også i år hatt nokre ekstraløyper hengjande ute for dei aller ivrigaste.

Våren 2020 tok Vendula initiativ til eit nytt o-løp i Hemsedal, eit langdistanse o-løp med start og mål på Gravset. Løpet gjekk av stabelen 19. september og hadde 5 ulike løyper, frå 1,6 km til 15 km. 60 løparar kosa seg i fine haustfarger og sol frå blå himmel på det fyrste Hemsedalsløpet i orientering. Stor takk til Vendula og Neil som gjorde mykje av jobben med arrangementet.



Fint vær og fine haustfarger på Hemsedalsløpet

Etter initiativ frå Neil kjøpte vi klubbblisens på Livelox, eit system som gjer at dei som spring med GPS-klokke (eller telefon) kan laste inn løpet på kartet etterpå og samanlikne med andre løparar som legg inn løpet sitt. Det har vore interessant og lærerikt.

Det er også lagt ned nokre dugnadstimar i samband med turkartet.

Kartarbeid

Det aller meste av det nytt Torsetåsen-kart vart ferdig i 2020 og vi hadde fleire løp på kartet i haustsesongen. Vi har dermed fått eit bra og oppdatert kart som ligg sentralt plassert i bygda. Kartet er ein stor kostnad for o-gruppa, men vi fekk i 2020 innvilga spelemidlar til prosjektet. Desse blir utbetalt når rekneskap for prosjektet er levert og godkjent. Vi kjem også til å søke Sparebankstiftelsen Hallingdal om midlar.

Vi fekk i 2020 også tildelt spelemidlar for Vannin-kartet. Desse blir utbetalt når rekneskap for kartet er godkjent.

Vi merkar at fleire no brukar digitale kart på telefonen når dei skal på tur. Salet av turkart har gått ganske mykje ned dei siste par åra og gjev ikkje like store inntekter til o-gruppa lenger. Vi har ikkje att fleire sykkelkart og det nærmar seg slutten av turkartet også. Vi må difor starte arbeidet med revidering av turkarta våre.

Resultat

Geilo 2-dagers var eit av få litt større o-løp som vart i gjennomført i vårsesongen. Kjekt med eit så stort løp i Hallingdal, der fleire landslagsløparar deltok. Gular IL var arrangør. Fyrste dagen vann Erlend klasse H13-14, medan Vendula fekk 15. plass i ein sterk D17 klasse med 52 deltakarar.

I juli var det klart for Filefjellmeisterskap. På den lengste løypa (7,5 km) deltok 47 løparar. Best av våre vart Ole med ein flott 5. plass, etterfulgt av Halvor på 8. plass, Sindre på 10. plass og Neil på 11. plass. Guri og Vendula sprang også godt og vart nest beste og tredje beste dame på den lengste løypa.

Erlend var einaste deltakar på hovedløpet (NM for 14 – 16 år). Han sprang inn til premieplass begge dagane og var godt fornøgd med det. Han vart nr. 16 på langdistansen og nr. 20 på sprinten, av totalt 63 startande.

Vendula hadde liten konkurranse, men vann klasse D35 på langdistansen under veteranmeisterskapen. Neil sprang inn til 6. og 8. plass i klasse H45.

Årets Hallingdalsmeisterkap gjekk i Hemsedal og samla 92 deltakarar. Hemsedal fekk 8 hallingdalsmeistrar: Erlend Ulsaker (H13-14), Maria Leganger (D17C), Sverre Berg Enitch (H17C), Marianne Engh (D70), Gunvor T. Abrahamsen (D35), Marte Mestvedthagen (D19), Rune Abrahamsen (H35) og Sindre Ulsaker (H17-18).

Årets Hallingdalsmeisterskap i stafett vart dessverre avlyst på grunn av smittesituasjonen.

Det var veldig kjekt at Jakob, Sevat og Ole stilte lag for Hemsedal i NM i Trøndelag. Dei representerte Hemsedal på ein god måte, sjølv om dei kom eit stykkje ned på resultatlista.

På Hemsedalsløpet vart det siger til Olav Berg på 3-kilometeren. Fem hemsedøler deltok på den lengste løype (15 km) og best av dei vart Marie Asprusten, med ein fin 2. plass totalt.



Kjekt at Hemsedal stilte stafettlag i NM.

Økonomi

Rekneskapen for 2020 viser eit underskot på om lag kr 51 000. Vi hadde budsjettert med eit underskot på om lag kr 54 000. Vi har om lag kr 250 000 i bankinnskot. I 2021 vil vi truleg auke både inntekter og kostnader. Vi vil mellom anna få utbetalt spelemidlar for Vannin og Torsetåsen. Kartarbeid og revidering av turkarta vil gje auka kostnader.

Hemsedal, 20.03.2021

Endre Ulsaker